

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hattfjelldal

Emne: Beit og brom.

Bygdelag: Rissvatn

Oppskr. av: He Rissvatn

Gard: Rissvatn

(adresse): Hattfjelldal

G.nr. 68 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Lars Torleivi fødd 1862 Kåmann Begge lever og bær
 Jakob Hvalbakk " 1858 " " ved Rissvatn den dag i dag.

SVAR

1. Beit eller brom har vore mytta og vert mytta av somme i dag og.

Det vert for det mest mytta i daleg forar for å dyggja høyet, og då lulek framja vårvindeu når ein ser det vert "binnø" som vi seier.

Men det forhindrar ikkje at somme brukar det frå høsten av, for di dei har det slik at byrne held seg så mykje friskare når dei får brom og skav. Og likeins dersom det er daleg berga skogsting skulle dei eta høyet betre når dei fekk "drott" attåt. (det er brom og skav).

Ordet beit vert ikkje mytta i same tyding som dykk seier at det er "tunne kvistar teke vinterstid" og at "brom er fiske kvistar med lauv-lemmyggar på mot våren".

Nei beit er sjølve bjørketoppen for ein bryt kvistar av han. Eller at kvistane er avbrotne kallar ein det brom eller brøt. Beit eller brombjørk seier ein om toppen

av björka; og den kunne vera ein 3 a 4 meter lange eller som der var fine kvistar nedetter stammen.

Brom eller bröt kallast såleis dei avbrotne kvistane heile vinteren igjennom.

Ordet brom vert sagt på vestre og søre sida av Røsvatnet, og bröt på austre og nordre sida.

Det var helst brom av björk dei mytta. Dessutan mytta dei rognbrommet av rognra dei skov.

2. Når ein skulle henta brom, sa ein at ein skulle av stad, "å bromma" eller, "å bröta", eller i bromulog.
Dei hadde ikkje nokon særskild slede dei henta brommet på.

3. Beit eller brombjörk henta ein på ka tid som helst når det berre var om vinteren.

3 gamle dagar - for 1890 - henta dei stundom vinterved i heile tre og hogg av dei største toynane og kvistane så kjerne sjölv fekk bromma dei eller beita dei som dei sa, ute på tinnit.

4. Øks vart brukt når ein henta beittbjörk. Skulle ein henta brom eller bromma, hadde ein vottar på hendene og braut av kvistane. Det gjeldt fortare eller om ein

skulle bruke kniv eller länvkniv,
så länvkniven var lite brukt.

Länvkniven var laga av ein
avbroten gjå som det var sett skjeft
på.

5. Kyr og gjeter fekk brom. Sænen
var dålege brometarar; ja somme
smaka det ikkje.

Kjottera åt brommet best når
det var fint og ikkje grovt.

Elles bruke somme granbar til
sænen i staden for brom.

6. Beitebjørka kunne dei leggja i ein
hauy, men det mest vanlege var
at dei reiste bjørka oppetter ein
vegge, eller dei laga "maro"
og reiste bjørka på så snien ikkje
skulle fylka over bjørka.

Når bjørka var reist på maro eller
maro kalla dei det beiteskjul.

Maro var laga av fire siler eller
skoler, to på kvar ende som stod
på skrå mot ein annan og så
ein stokk som låg oppi silene
eller skolene, som dei reiste bjørka
på.

Ordet maro høyrer slik:

ei maro - maro - marår - marån.

Kyrne var ute til drikking og
beiting i beiteskjulet om vinteren
til ca 1890.

7. Skikken at ein skulle henta

brom på langfredagen på fastande
hjarta er heilt úkjend. 4

Ordet bromma böyest slik:
å bromma, notid bromma, fortid
bromma, og har bromma.

1604